

---

**Fra:** Arne Øi <Arne.Oi@fn.no>  
**Sendt:** 7. mai 2015 23:38  
**Til:** Postmottak Meland  
**Kopi:** Marie Morken  
**Emne:** Høyringsuttale til Planprogram Midtmarka og Rotemyra

**Kategorier:** Grønn kategori

Gjeld Planprogram Midtmarka og Rotemyra 25.03.15

Flatøyosen har i dag ei ubroten og lett tilgjengeleg strandlinje på austsida, frå friområdet på Håøy og heilt til Hjelten. Det er berre nokre få naust her. I Midtmarka finn vi det meste av denne strandlinja. Området er lett tilgjengeleg både frå land og sjø. Den sterkt aukande befolkninga i den søre delen av Meland og Lindås kommunar kan lett gå eller sykla til området, om dei nyttar bil tek det berre nokre minutt.

Flatøyosen/Midtmarka har stor og aukande verdi som friluftsområde, noko som og vil gjelda dersom Midtmarka vert bygd ut. Det er difor særskilt viktig at strandlinja og ei sone ovafor, så brei som råd er, vert sikra og verna mot utbygging.

Det går i dag ei kraftlinje gjennom Midtmarka. Ved å flytta denne og/eller laga ein jord- eller sjøkabel, kan ei mogleg utbygging forskyvast meir mot aust. Strandlinja på vestsida av Midtmarka er brattare og det vil vera betre å bygga nærmere strandlinja på denne sida.

Flatøyosen er egna for båtliv, og eit mindre anlegg for ikkje-motorisert båtsport (padling, roing, segling osb) kan vera eit unntak når det gjeld bruk av strandlinja. Det er i så fall viktig at det vert allmen tilgjenge til dette anlegget. Ved å avgrensa tilkomsten med bil kan ein unngå at eit slikt sportsanlegg gradvis utviklar seg til ein marina.

Helsing Marie Morken og Arne Øi

Hjelten 32, 5918 Frekhaug

tlf 56178379